



Bergen kommune
BYRÅDSAVDELING FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT
Seksjon for næring og landbruk
Att.: Kjetil Andre Rødland

Bergen, 25.11. 2024

Klage på vedtak i sak 2018/24499-85

Vi viser til dykkar brev datert 5. november 2024 om vedtak i ovannemnte sak, tilleggsløyving til Smogakampvegen.

Naturvernforbundet Hordaland ønskjer å klage på vedtaket, og ber om at tilleggsløyvinga vert trekt tilbake.

Klagen har fleire grunngjevingar:

- Smogakampanlegget vart politimeld av Naturvernforbundet Hordaland i 2020, og er ein av fire saker som framleis ligg til vurdering hos Statsadvokaten.
- Ansvarleg søkjar og prosjektør FanAgro har tidlegare (2022) blitt fråteke ansvarsrett i tidlegare byggeprosjekt i Drotningsvik av Bergen kommune (v/PBE).
- Delar av Smogakampanlegget er bygd ulovleg, og Bergen kommune v/Etat for Landbruk har tidlegare avslått søknad om å legalisere den ulovleg bygde vegen (dykkar ref.:2018/24499-30.).
- Avslaget nemnt ovanfor fann også ei rekkje andre kritikkverdige tilhøve, som at anlegget innehaltdt forureina massar og at tiltakshavar ikkje kunne gjere greie for opphavet til massane som vart brukt. Landbruksavdelinga slår dermed fast at anlegget er i strid med:
 - - lov om vegar §§ 40- 43
 - lov om skogbruk § 7, jf. § 1
 - lov om forvaltning av naturens mangfold §§ 8- 12, jf. § 7
 - lov om vern mot forurensinger og om avfall § 7, § 11, § 28, § 49 samt medvirkning til brudd på § 32
 - lov om jord § 8 første punktum og § 9
 - forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier §§ 1-1, 2-1, 2-2, 2-3, 3-3, 3-4 og 3-5
 - forskrift om berekraftig skogbruk § 3
 - forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-3 h), §§ 9-7, 9-8



Naturvernforbundet Hordaland meiner det framstår som svært underleg at Bergen kommune v/seksjon for næring og landbruk besluttar å bidra finansielt til bygging av ein landbruksveg med så mange kritikkverdige tilhøve, og vidareføre eit samarbeid med eit vegplanleggarfirma som dei tidlegare har hatt så liten tillit til at dei har fråteke dei ansvarsrett for tiltak. Særleg sett i lys av Bergen kommune (UMBY/UFKN) si høyring om skogsbilvegar 25.09.24, og fråsegner om sterke ønskjer om å "rydde opp" i ein uryddig praksis som involverte ei rekkje ulovlege tilhøve.

Vi registrerer også at søknaden om tilleggsøyving til Smogakampvegen vart handsama på imponerende kort tid, og imøteser ei tilsvarande snarleg tilbakemelding.

For Naturvernforbundet Hordaland,

Pål Fidjestøl/s
fylkessekretær